

# LÅT Ø LINK

Nummer 3  
September 2008  
Årgang 18



En sommer er over....

- Twillingane Gudrun og Halldis Folkedal, på veg til Valdres*
- Sol av Isfolket, ein suksess*
- Låt ø Link søker nye redaksjonsmedarbeidrarar*
- Forpaktarspelemenn*

# NY LEDER SER SEG TILBAKE

Gode medlem! Valdres folkemusikklag har nok en gang sådd og høstet. Valdreskappleiken, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko er unnagjort, og det er nedlagt et formidabelt dugnadsarbeid, som uinntilte knapt kjenner omfanget til. Uten 300 frivillige for Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko og Valdreskappleiken, hadde det ikke vært mulig å gjennomføre så store arrangement. Valdres folkemusikklag retter en stor takk til ansatte og frivillige, samt samarbeidspartnerne Valdresmusea, Valdreskommunene, Oppland fylkeskommune og Norsk Kulturråd.

I Låt ø Link nr. 2 ble undertegna presentert under overskrifta «Grep om laget». Det var en spenstig overskrift og må stå for redaksjonens regning. «Grep om laget» er nyttig i lederrollen. Da jeg ble forespurt om vervet, sa jeg ja, og viste til lang fartstid, mest som interessert medlem på sidelinja, men øg med enkelte styreverv i Vårflaumen og Valdreskvelven på samvittigheten. En annen grunn var at jeg nå fikk anledning til å gi noe tilbake til et miljø, som over tid har gitt meg mange gode opplevelser.

Folkemusikkmiljøet i Valdres har fostret mange gode utøvere. Profesjonalisering og scenisk virksomhet blir hverdagen for stadig flere utøvere. Valdres folkemusikklag er stolt over at kulturarven blir brukt i slik sammenheng. Det fordrer derfor inngående kunnskap om denne kulturarven, både hos utøvere og i det profesjonelle apparatet. En av hovedmålsparagrafene for Valdres folkemusikklag omhandler også ansvar for å ta vare på og videreføre denne kulturarven.

Valdres folkemusikklag og Valdresmusea sendte i august søknad om støtte for etablering av et kompetansesenter for folkemusikk, folkedans, jazz og rock. Kompetansesenteret er tenkt lagt til museet, og vil generere to 100 % stillinger på årsbasis. Dette er et prosjekt, finansiert av kulturdepartementet, Oppland fylkeskommune og Valdreskommunene. Dette




Foto: Avisa Valdres

## Info om redaksjonen

Låt ø Link er eit frittståande folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Redaksjon for Låt ø Link: Ole Aastad Bråten og Knut Aastad Bråten. Formgjeving: Nils Leine. Opplag: 450. Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 907 63 635/907 68 797

gir Valdres folkemusikklag ytterligere utfordringer i å fokusere på egne visjoner og mål. Styret i laget har bidratt til å forankre søknaden i Valdres folkemusikklag med formål å styrke bevaringsarbeidet.

Det kan se ut for at den store utviklingen og nye potensielle aktivitetsnivåer i laget fortsetter. Disse nye utfordringene stiller krav til organisering, og utfordrer laget til å se på organisasjonsformen. Er dagens organisasjonsform tjenlig for framtida? Det har fungert bra så langt, men er den framtidsretta? Vi har tre styrer, tre styreledere, 2-3 daglig leder-funksjoner. Styret tar utfordringen og har nedsatt ei gruppe med organisasjonskompetanse, for å vurdere, og legge fram syn på organisering. Målet er: Enklere organisasjonsform, klarere ansvars- og informasjonslinjer, rasjonalisering, og et ønske om å gi ansatte oversiktlige og gode arbeidssituasjoner. «Grep om laget» er derfor avhengig av god organisering, i tillegg til gode, inspirerende og positive miljø.

Med ønske om en god høst.

*Kjell Bakken*

## **PROSJEKTMIDLAR - REGIONALE FOLKEMUSIKKTILTAK I VALDRES**

Kommunane i Valdres og Oppland fylkeskommune har løyvd midlar til produksjon og formidling av folkemusikk og folkedans i Valdres for perioden 2007—2009. Midla skal gå til del- eller fullfinansiering av prosjekt med einskildpersonar eller grupper som syng, spelar eller dansar i Valdres-tradisjon. Prosjekt retta mot barn og unge vil bli prioritert.

Utværarar som har motteke prosjektstøtte tidlegare, må legge med rapport for bruken av midlane.

Søknad sendast til Valdresmusea AS/ Valdres folkemusikkarkiv, Tyinvegen 27., 2900 Fagernes innan 1. oktober. Spørsmål om prosjektmidla kan rettast til Elisabeth Kværne, tlf, 61 35 99 32, mobil 900 45 634 eller e-post, [elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no](mailto:elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no)

### **ETTERLYSING!**

Valdres folkemusikklag ynskjer kontakt med personar som har opplysningar og kunnskap om det fyrste Jørn Hilme-stemnet, arrangert i 1960. Var du publikum, arrangør eller konserthalda? Gje lyd ne, Valdres folkemusikklag treng deg!

Du kan kontakte Valdres folkemusikklag på følgjande måtar:

- Postadresse: Tyinvegen 27, 2900 Fagernes
- E-post: [post@valdresfolkemusikklag.no](mailto:post@valdresfolkemusikklag.no)
- Telefon: 61 36 46 71/ 913 71 993

# HALLDIS OG GUDRUN FOLKEDAL HAR KOME TIL VALDRES

## Systrene vier liva sine til folkedansen

Tvillingane Halldis (24) og Gudrun (24) Folkedal har forelska seg i Valdres. Mange kjenner dei som intense, sveitte dansefrøkner, virvelvindar på dansegolvet, overalt, på same tid. No er det springar og laudsans i ekte, fri, levande, folkeleg og autentisk tradisjon som gjeld.

La oss bli betre kjend med Folkedal-jentene. Kven er dei? Kva vil dei? Låt ò Link møtte Halldis og Gudrun til samtale og ettertanke på Valdres Folkehøgskule.

- *De likar å danse, de to?*
- Ja, det skal vere visst (Gudrun grip ordet). Eg dansar heile tida. Eg hører forresten at Ingar Ranheim skal skipa til laudsans-samling. Det ser eg fram til. Eg likar fotball òg, skyt ho inn. Eg spelar saman med presten og sokneborna i vekedagane (Gudrun bur på Valdres Folkehøgskule).
- *Kva arbeider de med?*
- Eg er adjunkt med ¾ opprykk, kjem det kjapt frå Gudrun. Eg arbeider på Ulnes skule og er godt likt. Eg har òg mykje til felles med samferdsleminister Liv Signe Navarsete, hør berre: Råkøyring, SP og Vestlandet. Ha ha ha ha.
- *Då er Valdres åtvvara?*
- Kva? Eg har eit livsmotto òg.
- *Ja?*
- Ein kjem ikkje til fjells på flat veg...

- ?

Halldis Folkedal er stille og filosoferande. No går ho i gang med livsprosjektet sitt, ei masteroppgåve i folkedans ved Universitet i Trondheim.

- Den skal handle om kvinnelege laudsansarar. Eg vil utfordre den tradisjonelle kjønnsrepresentasjonen i norsk folkedans, og ser eit stort potensiale i ein fusjon mellom uttrykket i samtidsdansen og uttrykket i den norske folkedansen.
- Den er så fri, samtidsdansen, seier ho.
- *Du stemmer SV, søker revolusjon og lever etter mottoet: «Heia kvinner». Kva vil du, eigentleg? Kvar går vegen, Halldis?*
- Til Tyrkia, seier ho kvant. Eg skal lære meg tyrkiske folkedansar. Kanskje eg blir buande der. Kven veit, avsluttar ho spørjande.

Og her rundar me av intervjuet med jentene. Redaksjonen takkar for samtalen, trakteringa, og ynskjer dei lukke til vidare.

*Ole Aastad Bråten*



Gudrun og Halldis Folkedal, på veg til Valdres

# DIN STEMME TIL OLEMIC?

Høyres stortingsrepresentant Olemic Thommessen har et varmt hjerte for norsk folkemusikk og folkedans. Det beviste han under landskappleiken på Beitostølen i 2006. De fleste husker sikkert representanten i lystig springardans med vår egen Mary Hegge.

I intervjuet under gir han mer av seg selv og sitt forhold til musikken og dansen.



Vil du gje stemma di til denne mannen?

— Stortingsrepresentant Olemic Thommessen, hvem er egentlig favorittfolkemusikeren din?

— Andreas Ljones.

— Og hva er din folkemusikkhit?

— Camilla Granlien: «Ei naki grein»

— Beste folkemusikkinne – hva er det?

— Lokk og lur på Maihaugen på Lillehammer for et ubegripelig antall år siden.

— Akkurat. Når begynte du å interessere deg for norsk folkemusikk?

— Jeg har vært interessert i folkemusikk så lenge jeg kan huske. Spilt, dansa og kosa meg som barn, ungdom og voksen. Har ambisjoner om at knea holder i alderdommen og. Folkemusikken følger deg livet gjennom.

— En kjapp test før neste spørsmål: Går springaren i 3/4-takt eller 6/8-takt?

— Springaren går vel i 3/4, 6/8 tror jeg er rull.

— Ikke verst. Olemic Thommessen: Hva er de største utfordringene for norsk folkemusikk i dag?

— Folkemusikken klarer seg bra, men når det gjelder rekrutteringen utfordres den av så mange andre aktiviteter for ungdom. Norge har en fantastisk kvalitet i det at våre tradisjoner er levende. Det vil si at vi har naturlig rekruttering og et stort publikum der hver på sin måte føler aktiv deltagelse. Oftest ikke på noe podium, eller i kappleik, men gjennom glede og deltagelse på dansegulvet, som publikum på konserterne eller gjennom levende bruk av folkekulturen hjemme. Den bredden og dette folkelige engasjementet er nødvendig videre, det kan bli en utfordring å føre videre.

— Men hva kan du som stortingsrepresentant gjøre for å øke interessen for dansen og musikken?

— Stortinget kan sørge for at folkemusikken settes i stand til å konkurrere om oppmerksomheten i mediebildet. Skal en gjøre seg gjeldene må det ressurser til, det være seg til organisasjonene eller til utdanninga. Ellers skader det jo ikke om politikere også viser

Famhald side 8.

# PRIMSTAV



## Valdreslaget

22. september	Nybyrjarkurs i Valdresspringar, Nordahl Brunsgt. 22
29. september	Nybyrjarkurs i Valdresspringar, og springarøving, Nordahl Brunsgt. 22
06. oktober	Nybyrjarkurs i Valdresspringar, Nordahl Brunsgt. 22
13. oktober	Springarøving, Nordahl Brunsgt. 22
27. oktober	Springarøving, Nordahl Brunsgt. 22
31. oktober	Springarkurs, Nordahl Brunsgt. 22
01. november	Springarkurs, Nordahl Brunsgt. 22
10. november	Springarøving, Nordahl Brunsgt. 22
15. november	<i>Oslokappleik</i> , Nordahl Brunsgt. 22
24. november	Springarøving, Nordahl Brunsgt. 22
08. desember	Springarøving, Nordahl Brunsgt. 22

## Vestre Slidre Folkemusikk- og Danselag

Med unntak av fyrste øving, blir springarøvingane i det nye kulturhuset i Slidre. Øvingane startar kl 20.00. Undervisning for dei som ynskjer det. Spelkvinne er Laura Ellestad. Øving fylgjande måndagar:

29. september (biblioteket), 13. oktober, 27. oktober, 10. november og 24. november.

**Folkepub på Ølken**, laurdag 25. oktober kl. 20.00. Gamaldans (Slidringane) og springar.

**Rakfiskkveld på Kvamshall**, laurdag 29. november kl. 19.00. Konserthaldar og spelemann er Helge Myrheim. Gamaldans ved Tom Kjetil Tørstad mfl.

### Nettsidene

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag

[www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

Send gjerne aktuelt stoff som me kan legge ut på sidene.

# **NOTISAR**

## **HELGESAMLING I LEA DE PÅ GJØVIK 21. – 23.**

### **NOVEMBER**

Folkemusikkmiljøet på Gjøvik er vertskap for den 6. helgesamlinga i Lea de – Bygda dansar i Oppland. Svært mange av ungdomane som er med i prosjektet går no på skule på Gjøvik, mange av desse frå Valdres. Dette lover godt for å få etablert faste danseøvingar for ungdom i Gjøvik-området. Les meir på [www.bygdadansar.no](http://www.bygdadansar.no)

### **MINISTRUNK – KOMEN FOR Å BLI!**

Strunkeveko kan melde om at det blir Ministrunk også i 2009. – Me har fått mange positive tilbakemeldingar frå foreldre og deltakarar, så dette lyt me halde fram med, seier Marit Karlberg i ein eksklusiv kommentar til ein av redaksjonen sine uendeleg mange stjernejournalistar. Ministrunken er eit tilbod til dei mellom 6 og 10 år, og går føre seg under Hilme-veka. Ungane får instruksjon av svært dyktige lærarar samt konsertopplevingar, mykje leik og moro.

### **GOD VALDRES-DELTAKING PÅ STRUNKEVEKO I 2008**

Det er mange år sidan Valdres-ungdomane dominerte Strunkeveko. Under årets musikkfestveke hadde 34 av totalt 114 ungdomar postadresse i Valdres. Stian Roland takkar for seg etter fem år som dagleg leiar for Strunkeveko. No er det langeleikspirevipp Ingvild Lie som tek over i leiarstolen. I styret sit framleis Eli Marit Fuglesteg, Gro Arneng, Kjellbjørn Karsrud, Kari Grøsland og Marit Karlberg. Sjå meir på [www.strunkeveko.no](http://www.strunkeveko.no)

### **LAUSDANSTILBOD PÅ KULTURSKULANE**

I skuleåret 2008/2009 er det tilbod om laudsans-undervisning i Nord-Aurdal kulturskule og Øystre Slidre kulturskule. Hurra!

### **LÅT Ø LINK SØKJER REDAKTØR OG JOURNALIST**

Heile redaksjonen i Låt Ø Link trekkjer seg frå arbeidet. Det er ei kjent sak at medarbeidarane i fleire år har kjempa for betre vilkår, utan at dette har vorte take omsyn til. Nestleiaren i Vfl, Frode Rolandsgard, beklagar situasjonen, men ser likevel fram til å ta over skrivearbeidet dei neste fem åra.

## DIN STEMME TIL OLEMIC? FRAMHALD FRÅ SIDE 5.

interesse og deltagelse, gjerne med en svingom.

— *Du sier noe! Men si meg: hvorfor skal vi stemme på Høyre i neste stortingsvalg? Hva kan ditt parti gjøre for folkemusikken og –dansen, som Trond Giske ikke gjør eller har gjort?*

— Stem på Høyre fordi Høyre som et konservativt parti alltid vil bygge opp under kulturarven vår. Så langt i denne stortingsperioden har Trond Giske ikke tilført folkemusikken de midlene som skal til for å få føltet mer offensivt og synlig. Dette til tross for tidenes økninger av kulturbudsjettet. Høyre har på hvert budsjett foreslått gode økninger. Høyre vil også følge opp UNESCOs arbeid med immateriell kulturarv, og styrke utdanningene på folkekulturområdet. Høyre er kort og godt interessert, så langt ser det ikke ut til at Trond Giske er det, han har «ei kjærring å reise» ved årets budsjett.

— *Tror du Trond Giske flesker til med store penger til norsk folkemusikk i år?*

— Kommer det ikke midler nå ville det være rart. Det har vært penger nok, andre har fått og folkemusikken har vært tålmodige nok. La oss ikke håpe det blir som dansken sier: snille børn ber ikke, men så får de heller ikke noget!

— *Folkemusikkfestivalene er i dag motoren i folkemusikkmiljøa i sine distrikt. Hvordan skape entusiasme omkring dansen resten av året?*

— Pene jenter og staute karer er et godt agn til dans og moro. Her må det tas et grep, avslutter den folkekjære stortingsrepresentanten fra Høyre.

## HELLIGE OLUF OG TROLDENE

Nedstøva notemateriale er som heilagbrøde for norske folkemusikarar. Ikkje sjeldan børstar dei støv av halvkveda viser, og ber dei fram til nye musikalske hogger. Same begeistringa finn ein ikkje i Axel Olrik si folkevisesamling (1918), særleg gjeld dette dei norske visene. I fjerde utgåve er dette sagt om balladen om heilage Oluf og trolla, som vi også finn ein versjon av (nr. 112) i Valdres Bygdebok, Valdrestonar:

«Simplere, vi kan gjerne sige plumpere, gaar den same Tanke i Visen om Hellige Oluf og Troldene. Fortællingen, med sine Trolde, der forstenes paa Heltekongens Bud, er halvveis en Helgenlegende, halvveis en gentagelse af nordiske Oldsagn, der lader Helten narre Troldene, saa de overraskes af Solen og forstenes. Dens Troldeskildring afgår fra de andre danske Viser og maa skyldes den norske Folkehumor».



*Hornelen i Bremanger, sjøklippa der Olav den heilage nedkjempa trolla*

# SOL AV ISFOLKET

## - med folkemusikken i høgsetet

Musikken og dansen er noko av det som gjorde sterkast inntrykk på dei 6000 tilskodarane.

Friluftsteateret Sol av Isfolket gjekk av stabelen på Valdres Folkemuseum 9. – 17. august i år, med om lag 6000 tilskodarar fordelt på sju framsyningar. Regissør Leif Stinnerbom har sagt at dette i utgangspunktet var eit umuleg prosjekt, tida og ressursane teke i betrakting, men at ein har landa på føtene med eit solid kunstnarisk produkt. Mykje av æra for dette skal Marit Karlberg ha, som har vore komponist og musikalsk leiar for Sol av Isfolket. Ho tok på seg oppgåva etter at den røynde teaterkomponisten Magnus Stinnerbom meldte fråfall. Marit har nykomponert all musikken til stykket, både balladar, springarar og halling. Med seg i den musikalske staben har ho hatt Jan Beitoaugen Granli, Eilif Gundersen, Tom Willy Rustad og Ronny Kjøsen. Med andre ord ein svært profesjonell og kapabel gjeng som i tillegg har samarbeidd med liv og lyst.

Leif Stinnerbom er kjent for å bruke folkemusikk og –dans, samt drakt- og handverkstradisjonar i oppsetjingane sine. Sol av Isfolket er ikkje noko unnatak. Heile vinteren har dei lokale aktørane trødd springartakt, og i sommar også dei profesjonelle. Godt hjelpane av mellom andre Tone Voldhaug og Stian Roland, har vi fått ein dansbar gjeng skodespelarar som rører seg i takt med musikk og versemål på scenen. Særleg må ein her dra fram danseprestasjonane til Silje Onstad Hålien som heksa Hanna og Ådne Kolbjørnshus som Tengel den vonde. I ei marknadsundersøking blant publikum, viser det seg at musikken og dansen er noko av det som har gjort sterkast inntrykk. Mange har også etterspurt musikken på cd. Dersom finansieringa går i orden, satsar me på å koma med Isfolk-musikken på cd i løpet av våren 2009.

Neste års framsyningar er allereie under planlegging. Til dykk som ikkje fekk sjansen i sommar og til dykk som vil gjera det til ein tradisjon å sjå Sol av Isfolket kvart år: Neste års premiere er laurdag 1. august, og vi set opp åtte framsyningar til og med 10. august. Billettane blir lagt ut for sal laurdag 1. november. Då skal vi også ha stand og underhaldning på Rakfiskfestivalen på Fagernes.

Til slutt ein hjarteleg takk til alle som har stilt som frivillige i arbeidet med Sol av Isfolket! Til saman har om lag 150 personar hjelpt til på ein eller annan måte, noko som har vore heilt avgjerande for at det vart den suksessen det vart!

*Alice Gudheim, produsent Sol av Isfolket*



*Haust i Jotunheimen*

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførepensjon
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring


Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdiginstanadar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



- |                         |  |
|-------------------------|--|
| Etnedal Sparebank       | – tlf. 61121500 – <a href="http://www.etnedalsparebank.no">www.etnedalsparebank.no</a> |
| Vang Sparebank          | – tlf. 61367600 – <a href="http://www.vang-spb.no">www.vang-spb.no</a>                 |
| Vestre Slidre Sparebank | – tlf. 61343600 – <a href="http://www.slidrebanken.no">www.slidrebanken.no</a>         |
| Øystre Slidre Sparebank | – tlf. 61340950 – <a href="http://www.osbank.no">www.osbank.no</a>                     |
| Salgskontor Fagernes    | – tlf. 61366638 – <a href="http://www.sparebankgruppa.no">www.sparebankgruppa.no</a>   |

# DANSESPEL SOM PRIVILEGIUM

Fram til 1801 hadde stadsmusikanten i dei store byane einerett på dansespel i bryllaup og gjestebod her til lands. Dei rådde ikkje over alt dansespel sjølve, men hadde forpaktarar som tok seg av dansespelet utover bygdene mot å betala ei avgift. Retten vart formelt oppheva i 1801, men ein del stadsmusikanter fekk halde på retten sin levetida ut. Sjølvsagt var dei som spelte til dans i strid med privilegiet. Kor utbreidd dette var, er vanskeleg å seia, men det finst ein del rettsaker omkring i landet, og gjennom bygdebokarbeidet i Vang og Nord-Aurdal har det kome fram to rettsaker også i Valdres:

Den 4. juli i 1753 vart Kristoffer Jørnsson Tørpe stemnt for retten for å ha spelt i eit bryllaup på Bergji i Vang. Det var musikant Henrich Meier som hadde eineretten på slikt spel, og han hadde forpakta det bort til husmannen Eivind Larsson Grunke. Kristoffer vart dømt til å bøte ein riksdalar til fattigkassa og tre riksdalar til Eivind.

1. oktober 1757 var det forpaktaren Kristoffer Hansson i Aurdal som gjekk til sak. Han stemnde Ola Nilsson Garli og Ola Hølldal for å ha «fordristet sig tilsammen at spille paa Violin udj Brølupper og samqvem». Ingen møtte og saka vart utsett.

Kristoffer Jørnsson Tørpe veit eg ikkje noko meir om, men Henrik Meyer var fødd i 1679 og fungerte i praksis som stadsmusikant frå 1715 til han døydde i 1758. Eivind Larsson var husmann på plassen Grunke under øvre Kattevøl. Huslyden ser ut til å vera reist frå Vang 1765—66, skriv Anders Frøholm, som spekulerer på om Eivind kan ha hatt med seg Grunkenamnet frå fjellgarden med same namn. Det stemmer nok ikkje. Det kan heller vera tale om Eivind Speleemann som Terje Østro nemner i boka om Olav Sataslatten. Eivind er nemnd i kyrkjeboka for Nes i Hallingdal i 1765 og i tingboka to år seinare. Han var fødd i 1725.

Kristoffer Hansson var fødd om lag 1714 og var bondelensmann i Aurdal. Han døydde på Åvok i 1782, etter eit ganske dramatisk og tragisk liv (sjå t d Sagn og Soge i Søndre Ourdahl 1994 side 55—61). Ola Nilsson Garli var fødd i Øvre Garli i Nord-Aurdal om lag 1729. Faren døydde, og Ola kom visst ikkje godt ut av det stefaren, så han rakla rundt som speleemann ei tid. Det var Ola Nilsson som hadde «Galistuten», trondefela frå 1761 som vart gjævaste fela hans Jørn Hilme. Ola døydde i 1787. Ola Hølldal veit eg ikkje noko meir om.

Ingar Ranheim

## *Frist for stoff til Låt o' Link 2008*

4/2008: 15. november

Fristen for stoff til neste nummer kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

## Nyttige namm og nummer

<b>Lokallag</b>	<b>Leiar/kontaktperson</b>	<b>Telefon</b>	<b>Mobiltelefon</b>	<b>E-post</b>
Begnajorn spel- og dansarlag	Trygve Bokstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Etnedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	<a href="mailto:hemsing@c2i.net">hemsing@c2i.net</a>
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		<a href="mailto:elisabeth.bring@c2i.net">elisabeth.bring@c2i.net</a>
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi For	61 34 42 10	915 77 695	<a href="mailto:randifoer@online.no">randifoer@online.no</a>
Vårtaumen spel- og dansarlag	Lise Lunde Brennhagen	948 60 763/970 61 213		<a href="mailto:lismor85@hotmail.com">lismor85@hotmail.com</a>
Oystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	<a href="mailto:sisd-lie@online.no">sisd-lie@online.no</a>
<b>Valdres folkemusikklag</b>				
Leiar	Kiell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		
VII og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Håndnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	<a href="mailto:komb@online.no">komb@online.no</a>
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen			<a href="mailto:post@valdresfolkemusikklag.no">post@valdresfolkemusikklag.no</a>
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland			
Strunkeveko, styreleiar	Eli Mari Fuglesteg	95 75 53 07		
Låt o' Link, redaktør	Knut Aastad Bråten	994 48 486		
		986 23 123		
<b>Andre</b>		907 68 797		
Valfag i tradisjonsdans	Stian Roland	907 22 690		
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	900 45 834		
Instrumentverksaden	Knut Opheimshakk			
LFS	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)		
LFS, dagleg leiar	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)		
	Magnar Sundt	995 22 538		
		950 85 647		
Spelmannsbladet	Knut Austad Bråten	22 42 45 30 (a)		
		907 68 797		

**B**

